



STRYN KOMMUNE

Seksjon Plan og næring

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 14 1536	Doknr.:
Mottatt: 13 OKT 2014	
Saksbeh.:	Ark.:
Kopi:	Avsær.:

Landbruks-og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
10/179-30/K2-V13//ELK

Dykkar ref.

Dato:
09.10.2014

Uttale til forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.

Det vert sagt i innleiinga i høyringsnotatet at det er små endringar som følgjer av ny forskrift, men framlegget inneber ei regelfesting av føringar som Stortinget har slutta seg til.

Ei av endringane som er vedteke innført er at det ikkje lenger skal vere råd å utbetale avløysartilskot direkte til avløysarlag. Dette er ei endring som vil kunne gje store konsekvensar for heile velferdsordninga, og dermed for dei som har yrket sitt i landbruket.

At avløysarlaga har kunne motta avløysartilskot direkte, har gjeve dei ein god likviditet og dermed rom for å drive med avløysartenester på ein god måte. Frå 2008 vart landbruksvikarordninga endra frå å vere ei kommunal oppgåve, og ansvaret vart overført til avløysarlaga mot kompensasjon for arbeidet. Det medførte at vi fekk ei mykje meir fleksibel og målretta ordning, og ein sikra avløyning til bønder i alle delar av kommunen ved akutt sjukdom og andre kritiske situasjonar.

I Stryn kommune har Vest landbrukstenester administrert landbruksvikarordninga desse åra. Dei er no uroa over om dei vil ha økonomiske vilkår for å drive selskapet vidare. Fleire avløysarlag vil sikkert kome i same situasjon. Er det tenkt noko omkring korleis landbruksvikartenesta skal fungere dersom avløysarlaga ikkje lenger har økonomiske vilkår for drifta si?

Ei førutseieleg og trygg landbruksvikarordning er heilt avgjerande for velferda for bøndene i ei stor landbruks- og husdyrkommune som Stryn. Vi ber om at desse problemstillingane vert tekne med i vurderingane vidare.

Med helsing

Ellen Kirkeeide
landbrukssjef
57 87 47 21

Postadresse/besøksadresse:
Tonninggata 4
6783 STRYN

Org.nr: 963 989 202

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband

Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

